

Orientering om innkvartering under LS-2008

1. Skyttarcamp

Det blir etablert to skyttarcampar like ved Førde sentrum, pluss nokre mindre i tilknytning til skular i Førde. Toalett med vask vert plassert i campingområde. Dusjmulegheiter er planlagt i idretts- og kulturbygget Førdehuset, der det også er symjebasseng. Avstanden frå campingplassen vil variere frå 2-300 meter til 1.5 km.

Vi har planlagt straum til campingområda, men dette er avhengig av kor stor interessa blir for dette. Det vil koste 400 kr ekstra pr vogn/telt. Men vi kan ikkje dimensjonere eit midlertidig nett til samtidig koking og oppvarming i alle vogner, så det er rekna med ca 500 W pr vogn. I samarbeid med det lokale energiselskapet ynskjer vi å tilby dette som ei standardheving på skyttarcampen i 2008.

Deltakarar i same skyttarlag vil bli plassert saman, men viss nokre vil ha straum og andre ikkje, vil dei bli plassert på ulike område eller campingar. Det er derfor viktig når den enkelte melder seg på til Skyttarcampen at de gir uttrykk for om de ynskjer straum eller ikkje.

Frist for påmelding til skyttarcampene er 1. mai.

Påmelding til skyttarcampene skal skje lagvis og helst via internett. Det er lagt ut informasjon på vår nettside www.ls2008.no der de også kan sende inn påmeldingsskjema. Hugs å merke av på skjema om du ønsker straum! Dei som ikkje har nettilgang må sende vedlagte skjema til oss pr vanleg post.

Prisar og betaling på skyttarcamp

Campingvogn / Bubil	kr 1000,-
Telt	kr 500,-
Ekstra for straum pr vogn/telt:	kr 400,-

Samla betaling pr skyttarlag må betalast innan påmeldingsfristen 1. mai, sjå påmeldingsskjema for campingen.

Plasstildeling pr skyttarlag vil bli lagt ut på vår nettside etter 1. juni.

Ved avbestilling før 1. juli refunderast kr 800,- pr. campingvogn/bubil og kr. 350,- pr. teltplass. Avbestilling av straum refunderast ikkje. Ved avbestilling etter 1. juli vert ikkje innbetalt beløp refundert.

2. Privat innkvartering

Vi har lagt opp til annonsering av privat innkvartering i hus, hytter og campingvogner på vår heimeside: www.ls2008.no Her kan både dei som vil leige ut og dei som vil leige privat innkvartering, legge ut informasjon i form av ein tabell. Ta direkte kontakt med dei som annonserer og prisar og leigeperiode avtalast mellom utleigar og leigetakar.

Vi tek 200 kr i gebyr for slik annonsering på vår nettside.



3. Kontaktopplysningar

Vi legg ut all informasjon om innkvartering på vår nettside: www.ls2008.no

E-postadresse: stemnekontor@ls2008.no

Du kan også kontakte oss på følgjande telefon på stemnekontoret som er betjent alle kvardagar frå kl. 1300 til 15.00: Telefon: 906 38 830

Postadresse:

Landsskyttarstemne 2008

Postboks 549

6803 FØRDE

Merk konvolutten med ”Innkvartering”

Vi vil gjere vårt yttarste for at alle skal få tilfredstillande innkvartering og et triveleg opphald i Førde.

Velkommen til LS-2008 i Førde!

Venleg helsing

Toralf Årdal

leiar for innkvartering

